



# DEN NORSKE KIRKE

## Kyrkjebø sokneråd

Dalevegen 4  
6993 HØYANGER  
Tlf: 57714100

Kyrkjekontoret 26.11.21.

### Møteprotokoll for Kyrkjebø sokneråd

Møtedato: 18.11.21.

Møtetid: kl. 19.00.

Møtestad: Kyrkjebø kyrkje.

### Til stades:

Sturla Bell Fossen, Irene Aase Aarseth, Kari Henny Dale, Ellinor Henjesand Austreim og Andreas Ester. Aud Kjersti Haugen hadde meldt forfall. Anna Sofia Høvik møtte ikkje.

### Kopi av møteboka går til:

Knut Magne Nesse, Petter Sortland, Kjellaug Ekse Brekkhus, Gerda Otterstein, Katarina Vattekar, Toril Lange, postmottak Høyanger kommune.

### Sakliste

#### Godkjenning av innkalling og sakliste.

Det var ingen merknad til innkallinga eller saklista.

#### Godkjenning av referat frå møtet 21.10.21.

Det var ingen merknad til referat frå møtet 21.10.21.

#### Sidan sist.

Sidan sist har det vore konfirmasjonsweekend på Alværa Misjonscenter. Minnedag, hausttakkefest og dåp i Kyrkjebø kyrkje. Felles soknerådsmøte for alle sokna i Høyanger kommune, avvikla på Alværa Misjonscenter. Møte mellom leiar i Kyrkjebø sokneråd, Kari Dale og sokneprest gjeldande utarbeiding av svar på høyring om ny kyrkjeleg organisering, samt kurs/fagdagar for kyrkjetenarar i Drammen, der Irene Aase Aarseth deltok frå soknet.

#### Postlista.

Leiar i soknerådet gjekk gjennom postlista med soknerådsmedlemmane.

#### Årshjulet.

Leiar i soknerådet gjekk gjennom årshjulet med soknerådsmedlemmane.

#### Soknepresten har ordet.

Soknepresten tok utgangspunkt i innhaldet Kristikongedag/domssøndag og sa nokre ord om denne – den siste søndag før advent.

### Meldingssaker:

#### 210023 Rekneskapsrapport 2021.

Rekneskapsrapporten er så langt den er ajour for året vart framlagt.

#### 210024 Året i soknerådet – status.

Leiar i soknerådet gjekk gjennom status pr. i dag for året i soknerådet. Soknerådsmedlemmane fekk i tillegg utdelt tidlegare «privat skriv» som omhandla rolla som nyvalte medlemmar i soknerådet, og medlemmane reflekterte kring dette.

## **Vedtakssaker:**

### **Sak 0019/21: Uttale om ny kyrkjeleg organisering.**

Vedtak: *Kyrkjebø sokneråd vedtek uttalen slik den føreligg. Soknerådsleiar er ansvarleg for innsending innan høyringsfristen 01.12.21.*

### **Sak 0020/21: Spørjeundersøking om kyrkjelydslivet.**

Vedtak: *Spørjeundersøkinga vert å gjennomføre i Kyrkjebø og Vadheim sokn innan utgangen av april 2022.*

### **Sak 0021/21: Gudstenesteplan for perioden 01.01.22. – 10.04.22.**

Vedtak: *Gudstenesteplan vert vedteken slik den føreligg.*

### **Sak 0022/21: Møteplan for soknerådet 2022.**

Vedtak: *Soknerådet har møte kvar tredje torsdag i kvar månad i tida januar – mai og sept – nov kl. 19.00.*

### **Sak 0023/21: Budsjett for 2022.**

Vedtak: *Budsjettet for 2022 vert vedteke slik det føreligg, og vert vedlagt protokollen.*

### **Sak 0024/21: Val av soknerådsleiar og nestleiar.**

Vedtak: *Det vart avhalde skriftleg val med slikt resultat:  
Leiar: Sturla Bell Fossen fekk fire røyster. Ei røyst var blank.  
Nestleiar: Irene Aase Aarseth fekk fire røyster. Kari Dale fekk ei røyst.*

### **Sak 0025/21: Ymse.**

#### **Høyrskade.**

Kyrkjetenar Irene Aase Aarseth har meldt høyrskade, som kan ha med mange års arbeid som kyrkjetenar (ringjar) i Kyrkjebø og Vadheim sokn å gjere.

Vedtak: *Denne saka må granskast og følgjast opp som ei hms-sak. Hovudverneombud og bedriftshelseteneste må inn i bilete, og naudsynte tiltak i høve støvførebyggjing må settast i verk for framtida.*

For Kyrkjebø sokneråd

Ellinor Henjesand Austreim  
Sekretær

BUDSJETT / REKNESKAP					
Kyrkjebø Sokneråd		2020	2021	2021	2022
<b>RESULTAT</b>		<b>Utgifter:</b>			
		<b>Rekneskap</b>	<b>Budsjett</b>	<b>Rekneskap</b>	<b>Budsjett</b>
31100	Forbruksmat /Utstyr	4 360,00	2 500,00	404,00	500,00
31200	Anna forbr.matr.	561,00	4 900,00		1 000,00
31201	Kjøp av matvarer			2 371,00	2 000,00
31205	Velferdstiltak for tilsette				
31303	Gebyr	59,00	100,00	456,00	100,00
31400	Annonser o l	2 735,00	3 000,00		
31500	Opplæring, kurs	9 588,00		0,00	
31900	Leige av lokale			750,00	
34290	Mva - betalt	695,00	1 000,00	609,00	1 000,00
34650	Offer til andre		7 500,00	1 057,00	5 000,00
34652	Kirkens Nødhjelp				1 000,00
	Misjonsprosjektet	887,00	1 500,00		1 000,00
	<b>sum</b>	<b>18 885,00</b>	<b>20 500,00</b>	<b>5 647,00</b>	<b>11 600,00</b>
	Overskot/Underskot	1 530,40	0,00	1 795,00	
	<b>SUM</b>	<b>20 415,40</b>	<b>20 500,00</b>	<b>7 442,00</b>	<b>11 600,00</b>
<b>RESULTAT</b>		<b>Inntekter:</b>			
		<b>Rekneskap</b>	<b>Budsjett</b>	<b>Rekneskap</b>	<b>Budsjett</b>
	Sal av varer	597,00	500,00	0,00	1 000,00
37290	Mva-komp	695,40	1 000,00	609,00	1 000,00
38600	Offer, eiga verksemd	8 661,00	10 000,00	1 481,00	2 000,00
38650	Offer, anna verksemd	9 575,00	7 500,00	4 295,00	5 000,00
38652	Kirkens Nødhjelp			1 057,00	1 000,00
	Misjonsprosjektet	887,00	1 500,00		1 000,00
38700	Tilskot, Gåver				600,00
		<b>20 415,40</b>	<b>20 500,00</b>	<b>7 442,00</b>	<b>11 600,00</b>
				0,00	
		<b>20 415,40</b>	<b>20 500,00</b>	<b>7 442,00</b>	<b>11 600,00</b>
<b>Kyrkjebø, 18.11.21</b>					